



Skilta mot Øyro og Dønhaug kom på plass ved brua tirsdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Når vegvesenet og kontraktørane deira først kjem i gang, går det slag i slag. Tirsdag føremiddag var montørane frå E. Opedal & Søner igjen i Uskedalen og fekk montert skilta ved brua – som viser nedover langs elva mot Øyro og oppover langs elva mot Dønhaug Gjestegard.

Dermed er dei skilt på plass som vegvesenet innvilga etter at Bygdeutviklingsprogrammet hadde laga ein skiltplan for Uskedalen for vel eitt år sidan. Skiltet til Øyro er innvilga særskilt.

Så spørst det om det er meir å henta i neste omgang. Det er ingen tvil om at det er trong for fleire skilt til ymse stader og institusjonar.

No står det også att å få opp eit skilt som peikar opp til Dønhaug frå den kommunale vegen, men det er ein annan skål....